



HERØY KAJAKKLUBB

Årsmelding 2023

Styret

Leiar	Silje Marita Moen Vedvik
Nestleiar	Ellen Marte Solem
Kasserar	Christer Nærø Torvik
Styremedlem	Kim Sætre
Styremedlem	Hanna Elisabeth Bremnes Lillenes
Varamedlem	Johannes Nikolai Antonsen
Varamedlem	Gunnar Festøy
Varamedlem	Odd Arne Blomberg

Valnemnd

Leiar	Sindre Slettestøl
Medlem	Torill Torvholm
Medlem	Johannes Kjær Madsen
Varamedlem	Gunn Lise Voldsund

Styret sitt arbeid i 2023:

Vi har hatt 12 fysiske styremøter og 3 via e-post, og vi har handsama 61 saker i 2023.

Økonomi

Året 2023 har gitt oss som klubb et "normalår" med nokolunde stabile tal. Samanlikna med året 2022 har ein 11% nedgong på inntektene og ein økning på utgiftssida med 8%.

Det er kursinntekter som er klubbens hovedinntekt utenom statleg støtte som genererast av medlemsmassa. Ein svak nedgong i kursaktivitet gir utslag på klubbens årsresultat. Det blei 17% lavare, mest grunna lav etterspørsel på kurs slik vi opplever situasjonen. Vidare ser ein nedgong på LAM-midler og medlemskontingent, som gjenspeiler ei negativ trend i medlemstal det siste året.

Den litt høgare utgifta for klubben er eit resultat av bytting og innkjøp av tørrbekledning i 2023. Klubben kjøpte 14 nye drakter, noko som kjem godt med i åra framover. Sett vekk frå denne investeringa så har vi som klubb eit lavare negativt resultat for 2023 enn for 2022.

Det blei ikkje kjøpt eller solgt kajakkar i 2023.

Grunna ein god og solid økonomi tåler vi godt dette årsresultatet og legg bak oss eit relativt aktivt år. Klubben har ved årsskiftet meir kapital på driftskonto enn året før, og nær balanse mellom gjeld og kapital med ein faktor på 0.85.

Vi står godt rusta mot høge utgifter og renter som kan kome i tida framover, og har fortsatt frie midler ståande til å fullføre prosjekt Padlehuk og klubblokale i naust 3.

SPLEIS-midler kroner 128 377,- som skal gå til prosjekt Gapahuk og Klubblokale Har føringer på -19 190,- og resterende 109 187,- vidareførast til 2024.

For meir utfyllande tallunderlag sjå vedlagt revidert årsregnskap 2023 frå regnskapsfører Sigbjørn Gurskevik Skeide i Reknehuset AS.

Naust

Det har blitt beisa utvendig på baksida av nausta. Vi har hatt to dugnadar der vi har sett over kajakkane, merka kajakkar og sortert tørrdraktar.

Styret jobbar med å få bygd om det ytterste naustet i rekka til klubbhus. I 2023 har vi tatt opp igjen det administrative arbeidet knytt til å byggje om og håpar på å starte ombyggjinga i løpet av 2024.

Gapahuk på Nautøya

I april 2023 flaug vi gapahuken ut til Nautøya med helikopter. Der ble den satt opp med hjelp av elevar frå Herøy VGS. Ved utgongen av 2023 var glas og skyvedør satt inn, og det som gjenstår er å kle yttervegg og byggje inn glasdør.

Årsmøtet vedtok i 2022 å opprette i naustnemnd med tre medlemmar. Dette arbeidet er planlagt vidareført i 2023. Det lot seg ikkje gjere å finne nokon som ville vere med i naustnemnda, så det blei lagt på is.

Utstyr

Vi har i 2023 kjøpt inn 14 nye tørrdrakter av merkene Ursuit og Typhoon, samt 1 brukt tørrdrakt av merket Ursuit.

Det vart gjort avtale om kjøp av to kajakkar frå merket Edge, vi venta fortsatt i spenning på dei ved utgongen av 2023.

Aktivitetar

Bassengtrening

Det vart gjennomført 14 bassengtreningar på Sunnmørsbadet i tidsrommet januar - april og desember 2023.

Klubbturnar

Gjennom året har vi gjennomført 18 klubbturnar, mange torsdagsturar og nokre helgeturar. Mange av dei har vore lågterskelturar og nokre har vore lengre turar. Det har óg vore nokre tema-turar med tema som mørkepadling og vinterpadling. Vi har hatt ei dedikert teknikk-trening med Eian fritid. I desember hadde vi ein flott adventstur med lys på kajakkane og varm drikke.

Klubbkveld

Det var fire sosiale naustkveldar i 2023.

Kurs

Det vart gjennomført tre grunnkurs hav.

Padleboken

Det var 60 medlemmar som registrerte tur i padleboka i 2023. Over halvparten av desse har vore på tur to eller fleire gongar, og den med flest turar i 2023 har vore på tur 26 gonger.

Diverse gjennom året

- HKK deltok på Gloppen padlekubb sitt surfesymposium i Hoddevik og stilte med to instruktører.

Medlemstal

Tabell 1 - Medlemstal pr 31.12.2023

	0-19 år UNG	>20 år Senior	Totalt
Kvinner	49	248	305
Menn	67	258	325
Totalt	116	506	630

Tabell 2 - Totale medlemstall

	31.12.2021	31.12.2022
Kvinner	257	306
Menn	301	331
Totalt	558	637

Tabell 3 - Aktive medlemmer rapportert til Norges Idrettsforbund, grunnlag for tildeling av LAM-midler

	2021	2022
Kvinner	213	199
Menn	241	223
Totalt	454	422

Vi har hatt ein del inaktive medlemmar registrert i medlemslistene våre. I den samordna rapporteringa, som dannar grunnlaget for LAM-midlane klubben får tildelt kvart år, blir berre aktive medlemmar rapportert. Det vil seie medlemmar som har betalt medlemskontigenten sin det førre året. Det er derfor ein differanse mellom registrerte medlemmar og aktive medlemmar. Det er difor å forvente ein nedgong i medlemstala neste år, da vi kjem til å rydde i medlemslistene.